

Privat eige sette bom for fritak

17.12.2010



Kristiane, Selma Ovidia og Pål Ingmar i gardsbarnehagen.

Det utløyste ein viss forundring også blant politikarane at Dønhaug Gardsbarnehage ikkje var innstilt frå rådmannen sin side på fritak for eigedomsskatt då saka var oppe i kommunestyret torsdag.

Men forklåringa var at barnehagen er i privat eige.

- Hadde det vore opp til meg hadde eg gått inn for å frita denne barnehagen, men det var ikkje mogeleg med dei reglar som gjeld, seier saksbehandlar Hans Olav Fernsteinevik til uskedalen.no

Det er berre bygningar reist av stiftingar eller institusjonar som kan fritakast.

Saksbehandlaren viser også til at heller ikkje privateigde bygdahus, mellom anna eitt på Varaldsøy, kunne bli friteke og det med same grunn.

Av Ola Matti Mathisen